



ETABLERING AV KRISELEIING I FEDJE KOMMUNE



Oppdatert juni 2021

Innhald

1. Etablering av kriseleiing.....	2
2. Evakuering	5
3. Redningsressurar.....	6
4. Frivillige organisasjonar	7



Beredskapsplan for Fedje kommune - Etablering av kriseleiing

Oppdatert 2/1-2019 av teknisk sjef Øyvind Tolleshaug.

1. Etablering av kriseleiing.

Ved omfattande ulykker/kriser kan ordfører eller rådmann vedta at kriseleiinga i kommunen skal etablerast. Dersom ordfører og rådmann har fråvære, kan ein eller fleire av dei andre medlemmene i kriseleiinga fatta slikt vedtak.

Vedtaket må loggførast.

- Vedtak om at kriseleiinga er etablert. (kven som er der)
- Eventuelt nye vedtak dersom KKL vert supplert med nye medlemmer – eller om nokon fråtrer.
- Vedtak om oppløysing av KKL.

NB! Husk å varsle Fylkesmannen ved etablering og oppløysing av KKL.

Kriseleiinga er :

Møter obligatorisk	Møter etter behov for funksjon	rolle i kriseleiinga er linjeansvar +	Vara i følgjande rekkefølge :
rådmann		leiar	personalleiar/kommuneoverlege/ teknisk sjef/ helse- og omsorgssjef
samfunnsplanleggar		Logg, CIM, varsel til innbyggjarar	teknisk sjef
ordfører		Informasjon til media	varaordfører
helse- og omsorgssjef		Logg, CIM Pårørandesenter	personalleiar
	teknisk sjef	Mottak for evakuerte transport	rådgjevar sørviskontor
	kommuneoverlege	Ansvar for kriseteam Smittevernlege	pleie- og omsorgsleiar
	økonomisjef	Bindeledd stab Overvåke TV og sosiale medier CIM	økonomimedarbeidar

I rolla som bindeledd stab ligg og ansvaret for at KKL nyttar ressursane i stab godt, til dømes til formulering av ekstern informasjon/pressemeldingar.

Stab: rådhjevar sørviskontor, økonomimedarbeidar og bibliotekssjef er til disposisjon for kriseleiinga i den grad dei ikkje er kalla inn som varamedlem.



Beredskapsplan for Fedje kommune - Etablering av kriseleiing

Oppdatert 2/1-2019 av teknisk sjef Øyvind Tolleshaug.

Om naudsynt kan ein be om at kriseleiinga vert supplert med lensmannen i Nordhordland.

Ved etablering av kriseleiing skal ein så langt som råd oppretthalda ordinære kommandoliner. Rådmannen er leiar. Ordføraren har ansvaret for informasjon ut frå KKL. Dei øvrige medlemmene har ansvar for sine respektive fagområde +, sjå tabell.

Stad for etablering av kriseleiinga:

Kriseleiinga skal møtast på kommunehuset. Lønsjrommet i 3. høgda vert nytta.

Kriseleiinga sine oppgåver:

1. Orientera seg om situasjonen i kommunen.
2. Beslutte og iverksetje tiltak for å hindra skade på personar og materielle verdiar.
3. Prioritera ressursar frå kommunen si side.
4. Halda kontakt med leiinga på skadestaden og innsatsleiing (brann, politi, redningssentral)
5. Utarbeida og senda ut informasjon til eigne tilsette, innbyggjarar og media.
6. Rapportera om situasjonen til Fylkesmannen.

NB! KKL må sørge for at medlemmene i KKL og sekretariat får nok pauser, mat, kvile og søvn.

Kriseleiinga sine fullmakter:

Kriseleiinga ved ordførar/rådmann har fullmakt til å nytta inntil kroner 500.000 utover budsjett for å ivareta kriseleiinga sine oppgåver. Dette er vedteke i K-sak 41/99. Rådmann foreslår ei auke til 2 000 000 kr for å vera betre i stand til å handtera større kostnadskrevjande hendingar, som t.d. miljøkatastrofar. Dette krev nytt vedtak i kommunestyret.

Når skal KKL etablerast?

Fedje kommune har gjennom si ROS analyse peika på ein del scenario som kan vera aktuelle. Omgrep og forklaringar står under. Det som kan klassifiserast under



Beredskapsplan for Fedje kommune - Etablering av kriseleiing

Oppdatert 2/1-2019 av teknisk sjef Øyvind Tolleshaug.

omgrepa **betydeleg**, **alvorleg** og **særs alvorleg** vurderer Fedje kommune slik at KKL bør etablerast¹.

Vurdering av konsekvensar av uønskte hendingar			
Konsekvensinndeling	Liv og helse	Miljø	Økonomi
Liten / ubetydeleg	Ingen personskadar	Ingen miljøskade	Økonomisk tap opp til 100 000 kr.
Mindre alvorleg	Få / små personskadar	Liten miljøskade	Økonomisk tap opp til 500 000 kr.
Betydeleg	Få, men alvorlege personskadar	Omfattande miljøskade	Økonomisk tap opp til 5 millionar kr.
Alvorleg	Opp til 2 døde / 5 alvorleg skadde	Alvorleg / langvarig skade på miljøet	Økonomisk tap opp til 60 millionar kr.
Særs alvorleg	Over 2 døde.	Særs alvorleg / særs langvarig / uboteleg skade på miljøet	Økonomisk tap over 60 millionar kr.

Vidare er risikomatrisa frå den heilskaplege ROS- analysen frå 2007 med. Den er satt saman av moglegheita for og konsekvensane av, ulike hendingar. *Heilskapleg ROS er under rullering - ny risikomatrise vil koma når rulleringa er ferdig.*

	UFARLEG	EI VISS FARE	FARLEG	KATASTROFE
Meir enn 1 gong pr år				
Sannsynleg	Straumbrot Inntil 5 timar			
	Stormflo			
Mindre sannsynleg Mellom 1gong i året og 1 gong kvart 10.				
		Straumbrot meir enn eit døgn Lite oljeutslepp	Storm Skade på bygning	

¹ Disse konsekvensinndelingane vart først utforma til ROS-analysen til kommuneplan for Fedje 2012-2024. Ver obs på at andre konsekvensinndelingar er nytta i ROS-matrisa under, som kjem frå eksisterande heilskapleg ROS-analyse. Dette vil bli retta opp når pågåande rullering av heilskapleg ROS er ferdig.



Beredskapsplan for Fedje kommune - Etablering av kriseleiring

Oppdatert 2/1-2019 av teknisk sjef Øyvind Tolleshaug.

Lite sannsynleg Mindre enn 1 gong pr 50 år	Brot på kommunikasjonen til fastlandet	Brann i bygning	
		Stort oljeutslepp Forlis Forureining av drikkevatt Epidemi	Krig Pandemi
	UFARLEG	EI VISS FARE	FARLEG

Sekretariatet sine oppgåver:

1. Ta i mot meldingar
2. Føre logg over innkomande og utgåande meldingar (standardskjema for bruk ved hendingar når KKL er etablert)
3. Vurdere om ei melding skal inn til KKL, dvs vedkjem denne meldinga situasjonen ein er oppe i.
4. Skjerme KKL for utanforståande.
5. Gje meldingar etter instruks frå KKL (henviser til meldingar/pressemeldingar og liknande)
6. Ta imot telefonnummer, slik at representantar frå KKL kan ringje tilbake.

Det er KKL sitt ansvar at sekretariatet er tilstrekkeleg bemanna, og for at dei som er i sekretariatet er kjend med sine arbeidsoppgåver.

Plan for bruk av logg.

Logg for sekretariatet:

- Alle meldingar inn og ut. (dato – klokkeslett- avsendar / mottakar - innhald)

Logg for KKL:

- Alle meldingar inn og ut (dato – klokkeslett- avsendar / mottakar - innhald)
- Respons (kva tiltak gjer KKL)
- Hovudtiltak / utfordringar på tavle / flippover

2. Evakuering

Ansvar / mynde for evakuering er det politi, eventuelt brannvernet, som har.



Beredskapsplan for Fedje kommune - Etablering av kriseleiing

Oppdatert 2/1-2019 av teknisk sjef Øyvind Tolleshaug.

Kommunen si rolle vil vere å gje bistand til å evakuere og å ta hand om dei evakuerte.

Kriseleiinga kan få ansvar for å leia evakueringsarbeidet og nyttar seg av dei mannskapsressursar det måtte vera trong for.

Oppgåver i samband med evakueringsarbeidet:

1. Skaffa oversyn over evakueringsområdet (kven som bur der m. v.)
2. Informera innbyggjarar i området (t.d. om kva dei skal ta med seg)
3. Skaffa eigna transport
4. Samla personar i eigna lokale når innkvartering ikkje kan skje direkte.
5. Føra oppgåver over kven som vert evakuert, kven som flyttar på eiga hand og kven som eventuelt vel å ikkje verta evakuert.
6. Kontrollera at evakueringsområdet er tomt og setja ut vaktmannskap.
7. Medverka med handsaming av skadde og personar med psykiske problem m. v.
8. Samarbeida med LRS / leiinga på skadestaden
9. Om naudsynt syta for forpleiing og klede
10. Omsorgsfunksjon, om naudsynt kontakta prest
11. Informera
12. Føra logg over kven som reiser inn og / eller ut av eit evakuert område.

Aktuelle innkvarteringsstadar i kommunen.

- Fedje fleirbrukshall
- Fedje skule
- Fiskarheimen
- Bygdelagshuset Vesttun
- Fedje barnehage
- Fabrikk nr.8
- Fedje sjukeheim (ved straumbrot)

Fedje har som reiselivskommune bra innkvarteringskapasitet. Kvar evakuering skal skje vert gjort etter ei konkret vurdering ved det aktuelle høvet.

3. Redningsressurar.

Liste over ulike instansar som disponerer redningsressursar i Fedje kommune.

- UNIKO Fedje sikkerhetssenter
- Kystverket / Trafikksentralen
- Buksør og Berging
- Airlift (losflyging)



4. Frivillige organisasjonar

Oversyn over frivillige organisasjonar i kommunen som kan vera aktuelle i ein ulykkes- /katastrofesituasjon.

Fedje indremisjon

Fedje idrettslag

Fedje bygdelag